

Hjelmås Vvs AS  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/528 - 21/5197

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
22.01.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 424/317

**Tiltak:** Tilknytning offentleg vatn og avløp  
**Byggjestad:** Gbnr: 424/317  
**Tiltakshavar:** Anders Stevnebø  
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås Vvs AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.01.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tilknytning til kommunalt leidningsnett er vist å være via privat leidningsnett. Alt av leidningsnett er privat på denne sida av kommunevegen. Da dette vert ein ny abonnent på det private leidningsnettet, må alle som er knytt på frå før signere på ein felles avtale. Denne avtalen må innehalde ei erklæring om felles solidarisk ansvar for drift og vedlikehald av leidningsnettet. Denne avtalen må også tinglysast.

Viss denne erklæringa heller ikkje kan tinglysast grunna eigarsituasjon, kan erklæringa sendast inn før tinglysing. Kommunen må ha motteke kopi av tinglyste erklæringar før det vert gjeve ferdigattest eller midlertidig bruksløyve.

2. Situasjonsplan som viser leidningsnett frå veggiv til tilknytingspunkt på privat leidningsnett, samt ein ca innteikning av leidningstrase frem til kommunalt tilknytningspunkt.
3. Dersom deler av privat leidningsnett skal gå over Gbnr 424/192 skal det ligge føre rett til å ha leidningsnett liggande over nabotomta (sjølv om tomtane, per dags dato, har same eigar).

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 09.02.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Anders Stevnebø

Bøvågen 20

5937

BØVÅGEN

### **Mottakarar:**

Hjelmås Vvs AS

Torvhusmyrane 2

5913

EIKANGERVÅG